



GISKE KOMMUNE
Servicekontoret

Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap Iks
Langlandsvegen 1
6010 ÅLESUND

Dykkar ref.:

Vår ref.: 16/1572-3

Dato: 13.02.2017

Strategi for ÅRIM 2017 - 2025 - Høyringsuttale frå Giske kommune

Vi viser til brevet dykkar datert 12.01.2017. Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

Giske kommunestyre støttar fullt ut strategien for ÅRIM 2017 – 2025 og gjennomføring og etablering av tiltaka i alle 5 hovudsatsingsområdar nemnde i plandokumentet.

Med helsing

Karin Veia Sæther
leiar servicekontor
tlf.: 70 18 80 62



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Komitè for miljø og tekniske saker	19.01.2017	003/17
Giske kommunestyre	09.02.2017	004/17

Strategi for ÅRIM 2017 - 2025 - Høringsuttale frå Giske kommune

Innstilling:

Giske kommunestyre støttar fullt ut strategien for ÅRIM 2017 – 2015 og gjennomføring og etablering av tiltaka i alle 5 hovudsatsingsområdar nemnde i plandokumentet.

09.02.2017 Giske kommunestyre

Dagleg leiar Øystein Solevåg møtte og gav ei kort orientering.

Tilrådinga frå komite for tekniske saker vart godkjend med 22 mot 1 røyst (V).

K- 004/17 Vedtak:

Giske kommunestyre støttar fullt ut strategien for ÅRIM 2017 – 2025 og gjennomføring og etablering av tiltaka i alle 5 hovudsatsingsområdar nemnde i plandokumentet.

19.01.2017 Komitè for miljø og tekniske saker

Dagleg leiar i ÅRIM Øystein Solevåg møtte og orienterte om saka.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd. (Korrigert årstal til 2025).

KMT- 003/17 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre støttar fullt ut strategien for ÅRIM 2017 – 2025 og gjennomføring og etablering av tiltaka i alle 5 hovudsatsingsområda nemnde i plandokumentet.

Vedlegg:

Offentleg ettersyn - strategi for ÅRIM

Strategi for ÅRIM 2020 - 2025 høyringsutkast

Strategi for ÅRIM Vedlegg 1 Bakgrunn og historikk

Strategi for ÅRIM Vedlegg 2 Rammevilkår og regelverk

Strategi for ÅRIM Vedlegg 3 Fakta om avfalls- og slamhandteringa i Ålesu...

Saksutgreiing:

Representantskapet i ÅRIM har i møte den 28. oktober 2016 vedteke at framlegget til ny strategiplan for perioda 2017 – 2025 skal sendast alle 12 eigarkommunar til høyring. Høyringsfrist for strategien er 20. februar 2017.

Sirkulærøkonomi:

EU har drive eit omfattande arbeid med strategiar for meir berekraftig avfallshandtering med fokus på auka sortering og materialgjenvinning. I desember 2015 la EU-kommisjonen fram den nye strategien for europeisk avfallspolitikkk under tittelen: *Omstilling til sirkulær økonomi: eit program for Europa utan avfallsproduksjon.*

Sirkulærøkonomien byggjer på kretsløpsfilosofien der materialar gjenvinnast og går inn i kretsløpet for ny produksjon.

I dag har EU eit mål om at 50 % av kommunalt avfall skal gjenbrukast eller gjenvinnast innan 2020 med auke til 60 % i 2025 og til 65 % i 2030.

Strategiplanen som skal vere i tråd med EU sine krav for 2020, 2025 og 2030 er oppbygd rundt 5 hovudsatsingsområder:

1. Meir avfall til materialgjenvinning og gjenbruk – ny kjeldesorteringsløyising.
2. Meir effektiv innsamling og betre lokalmiljø.

3. Mindre avfall – meir gjenbruk.
4. Betre kommunikasjon.
5. Evaluering og vidareutvikling av ÅRIM som organisasjon.

Heimelsgrunnlaget

Selskapsavtalen for interkommunalt avfallselskap for Ålesundsregionen (ÅRIM). I følgje § 3.1 skal ÅRIM utføre kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål.

Representantskapet skal fatte vedtak om strategien for selskapet etter at høyringsrunda er gjennomført.

Økonomiske konsekvensar:

Innføring av ny kjeldesorteringsløyising er i strategiplanen vurdert til å gi ei auke i årsgebyret på kr 150.-

Vurdering:

Av tiltaka i strategien som abonnentane vil merke er innføring av henteordning for matavfall og henteordning for glas- og metallemballasje. Innføring av utsortering av matavfall synes å vere heilt naudsynt for å kunne nå EU-måla for 2020.

Sjølv om utsortering av matavfall er innført i store delar av Norge, vil dei praktiske sidene ved utsetting og bruk av nye ein/to ny avfallsdunkar kunne gi og praktiske utfordringar. I dei mest tettbygde strøka må ÅRIM måtte finne gode løysingar både med omsyn til estetikk og bruk.

Med den nye renovasjonsordninga på plass vil det årleg bli utsortert om lag 8.000 tonn matavfall som vil gå til bio-gassanlegg i Norge. Neste utfordring blir å finne lokal behandlingssløyising. Volda og Ørsta Reinhaldsverk som etablerer utsortering av matavfall frå 2017 i nær kontakt med ÅRIM og Søre Sunnmøre Reinhaldsverk har no gjennomført eit forprosjekt for å vurdere etablering av eit regionalt anlegg som kan produsere biogass og biogjødsel.

Rådmannen meiner at strategien og tiltaksplanen for ÅRIM 2017 – 2025 som representantskapet i ÅRIM har lagt ut til høyring er god, ambisiøs og framtidretta. For å oppnå gode miljø- og kostnadseffektive renovasjonsløyisingar i heile regionen ser rådmannen det viktig at renovasjonssamarbeidet i heile regionen blir vidareført gjennom ÅRIM og dei andre interkommunale renovasjonsselskapa.